

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
092/16	Kommunestyret	PS	15.09.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - U62	16/201

Fornyning av sals- og skjenkeløyve

Framlegg til vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 forlenger kommunestyret skjenke- og salsløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er dei same som vart gjort i dei ulike vedtaka. Rådmannen får mynde til å godkjenne endringar i løyvehavarane når desse er godkjent etter lov og forskrift.

Rådmannen får i oppgåve å gjera dei vedtekne retningslinjene for behandling av alkoholsaker kjente på sals- og skjenkestadane.

Kommunestyret - 092/16 - 15.09.2016

KS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 forlenger kommunestyret skjenke- og salsløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er dei same som vart gjort i dei ulike vedtaka. Rådmannen får mynde til å godkjenne endringar i løyvehavarane når desse er godkjent etter lov og forskrift.

Rådmannen får i oppgåve å gjera dei vedtekne retningslinjene for behandling av alkoholsaker kjente på sals- og skjenkestadane.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I fylgje alkohollova går alle sals- og skjenkeløyve for alkohol ut 30. september i år. Løyve i perioden 30.juni til 30.september 2016 er gitt med heimel i alkohollova § 1-6, 7. ledd. Tidlegare har loverket krevd at kvart løyve skal vurderast på nytt med ny søknadsrunde i kvar kommunestyreperiode.

Ei lovendring (alkohollova § 1-6, 3.ledd) frå 1. januar 2016, seier at det nye kommunestyret no kan vedta at løyve gjeve av det gamle kommunestyret, kan vidareførast utan at sals- og skjenkestadane må søkja på nytt.

Austrheim kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sak 030/2016, i møte 07.04.2016:

KS - vedtak:

Sals- og skjenkestadane i Austrheim får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess under føresetnad av at alkoholpolitiske retningslinjer vert revidert innan 30.06.16. Det vert vist til alkohollova §1-7 tredje ledd.

Rådmannen har seinare informert munnleg kommunestyret at planen og retningslinjene vert lagt fram for kommunestyret 15. september. Sals- og skjenkestadane er varsla om dette.

Føremålet med lovendringa er å redusera meirarbeid og byråkrati. Kravet lova set til kommunestyret er å ha ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen før løyva vert vidareførte. Kommunestyret har fått seg førelagt sak om alkoholpolitisk plan med retningslinjer. Dette var og eit krav frå kommunestyret og er krav i alkohollova.

Vurdering

Det forlenga løyvet gjeld for fire nye år, og så er det opp til det nye kommunestyret i 2019 om dei vil forlenga løyva eller ha ny søknadsrunde. Kravet vil også då vera ein gjennomgang av alkoholpolitikken av det same kommunestyret som vidarefører løyva (alkohollova § 1-6, 4.ledd).

Formålsparagrafen i alkohollova seier at lova har som føremål å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som følgje av alkoholbruk. Eit løyvevedtak er ei skjønsmessig avgjerd. Det kan bl.a. leggast vekt på tal sals- og skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn, omsynet til nærmiljøet, og om søkjar er eigna til å ha løyve. Det er likevel ein del formelle krav til handsaminga. Kommunen har ikkje høve til å knyte andre vilkår til løyvet enn det som følgjer direkte av loverket.

I medhald til § 1-7 i alkohollova er det bede om uttale frå politiet, Nav sosial og skatte- og avgiftstyresmaktene. I skrivande stund har tilbakemeldinga frå NAV kome, dei har ingen innvendingar mot å forlenga løyva. Dei andre tilbakemeldingane vert orientert om i møtet i den grad dei er

mottatt.

Folkehelse

Både alkohollova og folkehelselova understrekar det kommunale ansvaret for folkehelsa. I planen som er lagt fram, er dette understreka. Det er laga målsetjingar for ulike tiltak med ansvarleg instans.

Konklusjon

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 forlenger kommunestyret skjenke- og salsløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er dei same som vart gjort i dei ulike vedtaka. Rådmannen får mynde til å godkjenne endringar i løyvehavarane når desse er godkjent etter lov og forskrift.